

*Årsmelding
og rekneskap*
1997




ROMEO OG JULIE.
Mathias Eckhoff og Line Verndal.

«Teatret Vårt»

AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

HOVUDTREKK 1997



LASSO RUNDT FRU LUNA.
Henrik Mestad.

Året 1997 var eit både hendingsrikt og framgangsrikt år for Teatret Vårt som feira sitt 25 års jubileum. Eit langt liv i ei kort norsk teaterhistorie. Året og jubileet stod i kjærleiken sitt teikn. Kjærleik frå trufaste medarbeidarar, kjærleik frå tallause støttespelarar rundt om i fylket og ikkje minst kjærleiken frå eit stort publikum.

«Romeo og Julie» av William Shakespeare var den største suksessen i 1997. Heile 7.559 personar såg dei 47 framsyningane. Over 4.000 personar oppsøkte dei 32 framsyningane i Molde i teaterhuset. Dette gir ein besøksprosent på 91 og svarar til 18% av befolkninga i byen.

Satsingsområda har vore:

- Å utvikle vidare formidlingsarbeidet og ansvarleggjere mottakarapparatet kommunalt.
- Å utvide rammevilkåra til same nivå som dei andre regionteatra med same ansvar/arbeid og turnegeografi.
- Å arbeide for kunstnarleg kvalitet og nytolkingar av klassikarane
- Å vere med på å utvikle ny norsk dramatik
- Å utvikle tilbodet til barn og unge

Resultat av måla for 1997:

Antall produksjonar

(kafeteater medrekna)	10
	(1996: 10)
Antall framsyningar:	212
	(1996: 202)
Antall publikum:	17.636
	(1996: 17.466)
Billettinntekter:	1.328.730
	(1996: 1.170.292)

KUNSTNARLEG AKTIVITET:

Tematikken «Kjærleiken. Triumf eller tragedie», ein syklus som starta med «LASSO RUNDT FRU LUNA» av Agnar Mykle hausten -96, var framleis overskrift for repertoaret i 1997.

Året opna med gjestespel på Nationaltheatret i Oslo med nett denne framsyninga av Agnar Mykle med 6 utselde hus på Malersalen, arena for ny norsk dramatik. Framsyninga var etterspurd og kunne ha vore spela mykje lenger, da billettane vart utselde på eitt par timar. Framsyninga var og ønska rundt om i landet, på turne og gjestespel – men økonomi og skodespelar som tilhørde andre teater, gjorde ikkje dette mogleg.

Ei ny norsk urpremiere var første nye oppsetting i 1997: «KVINNEN

INNHALD

Hovudtrekk	2
Teatersjefen takkar for seg	4
Styret si fråsegn	5
Repertoar	7
Teaterstatistikkar	10
Resultatrekneskap	12
Balanse	13
Revisjonsmelding	14
Teatret Vårt sitt personale	15



ROMEO OG JULIE.
Mathias Eckhoff og Line Verndal.



LASSO RUNDT
FRU LUNA.
Henrik Mestad.

OG DEN SVARTE FUGLEN», av Vidar Sandem, bygd over Nini Roll Anker sitt liv og diktning, skriven for ein av våre skodespelarar, Turi Tarjem. Dette var den 7 urpremiere på 6 1/2 år. Framsyninga gjesta og Halden Teater.

Deretter fylgde «ROSMERSHOLM» av Henrik Ibsen i ein moderne og ny versjon av den sveitsiske instruktøren Michel Kullmann og dramaturgen Ulla Backlund. Kullmann arbeider og i stor grad innan leiande fransk teater. Framsyninga gjesta Ibsen kulturfestival i Skien i juni med 2 framsyningar.

Klassikaren om hausten var Shakespeare sin «ROMEO OG JULIE», i møte med ein annan internasjonale regissør, russaren Sergeij Zjenovatsj, som for andre gong gjesta teatret. Denne internasjonale regissørprofil har vore ein viktig del av teatret si kunstnarlege satsing i 6 år. Jubileum-framsyninga var den største publikumssuksessen i 1997 og ein av dei største suksessane teatret har hatt dei siste åra.

Teatret starta med Shakespeare i 1972 og har fleire jubile med han sidan, kvart 5 år. Teatret Vårt er det regionteater som har satsa mest på Shakespeare.

Teatret feira 25 års jubileum med mange gjester og tidlegare tilsette

10.september, og fekk både gåver og lovord frå ei rad sentrale institusjonar både lokalt og nasjonalt.

Teatret held fram med sitt populære Kafeteater i Molde annakvar laurdag, og i jubileumshausten utvida vi tilbodet til dei 4 sentrale turnestadane langs turneruta for «ROMEO OG JULIE». Heile 1158 personar nytta dette tilbodet, og det utgjør ein besøksprosent på 100.

Vi hadde forriddar-verksemd i førerant av «ROMEO OG JULIE»-turneen, på dei ulike spelestadar med foredrag, smaksprøve frå stykke og møte med skodespelarar.

Etter framsyninga inviterte vi og nokre kveldar til «Møte på Scene-kanten» med skodespelarar og publikum. Jubileumsutstilling; Teatret Vårt i 25 år, fylgde «ROMEO OG JULIE»-turneen.

Oppsøkjande tilbod Våren-97:

«INGEN VEI TILBAKE» av Wallace Shawn, ein monolog med Randolph Walderhaug som og vart spela på Prøvesalen. Stykket vart og spela som ei gåve til aksjon for nytt kulturhus i Stranda.

For barn: «SIGNE OG SILKEVEIEN» av og med Turi Tarjem. Reprise frå 1996.

Oppsøkjande tilbod Hausten -97: Tre produksjonar, alle bygd over kjærleikstemaet, fylgde jubileumsturneen med «ROMEO OG JULIE». Slik skapte vi Teaterdagar på dei 3 sentrale spelestadene: Kristiansund, Sunndalsøra og Ålesund med framsyningar til alle målgrupper og sal til kommunar i nærleiken. Produksjonane var: «BLÅ FUGL», dikt og song om kjærleik for institusjonar, foreiningar og for eldre med Gøril Haukebø.

For grunnskoletrinnet og vidaregåande skole eit litteraturprogram «DEN SOM ELSKER LYVER» med Mads Jørgensen og Turi Tarjem. For barn som open framsyning og oppsøkjande: «MUMMITROLLET OG TROLLMANNENS HATT» av Tove Jansson, med Aril Martinsen.

Vi inviterte amatørteater og ungdomslag med på eit samarbeid kalla: «HAR DU HØYRT..?» eit forteljarteaterprosjekt med innsamling og overlevering av historier, sagn og mytar frå lokalkulturen, først spela i den enkelte kommune og til slutt på teatret i Molde, som ei felles framsyning 29.november.


Som vanleg hadde vi kurstilbod til dei vidaregåande skolane med Tove Ilsaas frå Statens Senter for lærerutdanning ved Universitetet i Oslo.

Teatret deltok på Kulturtorg i april, ein møtestad for kultur og skolefolk i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Teatret sine to samarbeidspartnarar i 1997 var Braathen Safe og Alexandra Hotell, Molde.

Teatret utvikla ytterlegare formidlingsmodellen. Nå er 10 kommunar med som prosjektkommune. Det vil seie kommunar som går inn i eit forplikande samarbeid med teatret og som til gjengjeld får eit meir rikhaldig teatertilbod med oftare besøk. I 1997 var desse kommunane med: Averøy, Haram, Herøy, Rauma, Stranda, Sunndal, Sykkylven, Tingvoll, Ulstein, Ålesund.

TEATERSJEFEN TAKKAR FOR SEG



TEATERSJEF
Morten Borgersen.

Morten Borgersen var den første teatersjefen ved Teatret Vårt, etter at allmøtestyringa vart oppheva. Han vart tilsett i 1991 og slutta nå ved årsskiftet 1997.

Borgersen er utdanna skodespelar ved Statens Teaterhøgskole. Han debuterte i 1970 og har vore tilsett ved ei rekke av teatra i landet. Omkring 60 rolleoppgåver på scena, i tillegg til film og tv, har han på rullebladet. Sidan 1986 har han og arbeidd som instruktør med 18 framsyningar bak seg til nå. Frå hausten -98 tek han over som sjef for Teater Ibsen, teatret for Telemark og Vestfold.

Teatersjefen har hatt konkrete og ambisiøse handlingsplaner for teatret. Først og fremst å ville utvikle eit høgt kunstnarleg nivå og ein reper-toarprofil som omfatta: Ny norsk dramatik (7urpremierar på 6 og 1/2 år). Møte med klassikarar i ny form og ei brei satsing på barn og unge.

Den nye norske dramatikken har som oftast vore skrive direkte for teatret og for våre skodespelarar. Dramatikarane har m.a. vore Terje Nordby, Edvard Hoem og Vidar Sandem.

Klassikarane har vore arbeidd med, for å finne ei ny form, eit nytt rom og forsterke tematikk opp mot vår eiga tid – i hendene på internasjonale instruktørar – gjennom tekster av Ibsen, Shakespeare, Bjørnson og Tsjekov. Samtidssatsinga «Motgift» har vore retta mot barn og unge, over tema frå vår eiga tid gjennom ei rad Norgespremierar av forfattarar som Samuel Beckett, Georg Tabori og Anthony Burgess, i eit tett samarbeid med skolane i fylket.

Ensemblemodellen har vore annleis ved dette teatret. Med ein tredjedel fast tilsette skodespelarar, ein tredjedel sesongengasjerte og ein tredjedel gjestar frå dei andre teatra i landet. Det har vore jobba konkret og aktivt

med nye formidling- og turnemodellar i forpliktande samarbeid med den einskilde kommune, med kulturkontor, skole og arrangørar.

Teatret fekk sitt eige og nye teaterhus i 1991, og det ga gode arbeidsforhold og høve til å profilere teatret på ein ny måte med større aktivitet og kontinuitet.

Billettinntektene har auka 100% på desse åra og publikumsauken har vore på 20%.

Målsetting for desse åra:

- Eit lokalt teater med tre scener på heimebane i Molde
- Eit regionalt teater med turne og formidlingsansvar i regionen
- Eit nasjonalt teater som samarbeider med andre institusjonar
- Eit internasjonalt teater med instruktørar frå heile verda.

STYRET SI FRÅSEGN



KVINNEN OG DEN SVARTE FUGLEN.
Turi Tarjem.

Etter dei nye vedtektene, vedtekne i ekstraordinær generalforsamling 10.02.97 for A/S REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL, TEATRET VÅRT, er styret samansett av seks representantar frå Staten, ein representant frå Møre og Romsdal fylkeskommune, ein representant frå Molde kommune, ein frå Dei Frilynde Ungdomslaga i fylket og to frå dei tilsette ved teatret.

Fungerande styre frå 1.januar til generalforsamlinga 10.02.97:

Frå Staten: Helge Linge, Molde (varamedlem Per Øverbø, Molde), Edvard Hoem, Oslo (varamedlem Harald Grytten, Ålesund), Gunvor Krogsæter (varamedlem Tine Kjær, Oslo), Bjørg Riksfjord, Ålesund (varamedlem Per Helge Malvik, Sunndalsøra), Jarle Sanden, Molde (varamedlem Sissel Andersen, Ørsta).

I ekstraordinær generalforsamling 10.02.97 vart det gjort vedtak om at

Staten skal ha 6 representantar i styret. Det sjette medlem vart: Catherine Ingebrigtsen, Kristiansund (varamedlem Sadona Mathiassen, Molde).

Møre og Romsdal fylkeskommune: Per Arne Skomsø, Eidsbygda, (varamedlem Ingrid Løset, Stordal).

Molde kommune: Grete Eikebu, Molde (varamedlem Ann Helene Skare, Molde).

Dei Frilynde Ungdomslaga: Bjørn Ølander, Eidsvåg (varamedlem Heidi Løklingholm, Aukra).

Teatret Vårt: Frå den kunstnarlege gruppa: Randolph Walderhaug, (varamedlem Gøril Haukebø) frå dei andre tilsette: Gerd G. Austnes (varamedlem Mary Farstad).

Fungerande styre frå generalforsamlinga 20.05.97:

Frå Staten: Helge Linge, Molde, (varamedlem Per Øverbø, Molde),

Johan Bengtsson, Isfjorden (varamedlem Harald Grytten, Ålesund), Gunvor Krogsæter, Ålesund, (varamedlem Tine Kjær, Oslo), Bjørg Riksfjord, Ålesund (varamedlem Per Helge Malvik, Sunndalsøra), Jarle Sanden, Molde, (varamedlem Sissel Andersen, Ørsta), Cathrine Ingebrigtsen, Kristiansund (varamedlem Sadona Mathiassen, Molde).

Møre og Romsdal fylkeskommune: Per Arne Skomsø, Eidsbygda (varamedlem Ingrid Løset, Stordal)

Molde kommune: Grete Eikebu, Molde, (varamedlem Ann Helene Skare, Molde).

Teatret Vårt: frå den kunstnarlege gruppa: Randolph Walderhaug (varamedlem Gøril Haukebø), frå dei andre tilsette: Gerd G. Austnes (varamedlem Mary Farstad).

GENERALFORSAMLING 1997

Ordinær generalforsamling i A/S REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL vart halden i Teatret sine lokale i Forum-bygget, Molde den 20.05.1997.

Desse møtte: Møre og Romsdal fylkeskommune med fullmakt: Ingvald Olav Hatløy og utan fullmakt fylkeskultursjef Arvid Blindheim.

Molde kommune utan fullmakt: ordførar Einar Øveraas.

Dei frilynde ungdomslaga med fullmakt: Leif Lagesen.

Fylkesrevisjonen: Hilde Myrvang.

Styret for Teatret Vårt: Helge Linge, Gunvor Krogsæter, Johan Bengtsson, Cathrine Ingebrigtsen, Grete Eikebu, Per Arne Skomsø, Gerd Austnes, Randolph Walderhaug.

Teatret Vårt: Teatersjef Morten Borgersen og administrasjonssjef Borghild Rosvoll.

Rekneskapen og årsmeldinga vart samrøystes godkjent.

Staten oppnemnde Johan Bengtsson til ny styrerepresentant etter Edvard Hoem som går ut då han er tilsett som teatersjef frå 01.01.98.

Helge Linge vart samrøystes attvald til styreleiar og Per Arne Skomsø nestleiar.

Fylkesrevisjonen vart samrøystes attvald som revisor.

Godtgjersla for revisjon av 1996-rekneskapen vart sett til kr.25.000.-.

STYRET

Styret har i 1997 vore samla til 6 styremøte og har hatt 26 saker til handsaming utanom dei faste punkta på saklista: godkjenning av referat frå siste styremøte og orientering om drifta v/ teatersjefen.

ARBEIDSMILJØ

Arbeidsmiljøet på teatret har vore tilfredsstillande.


Presentasjon av ny sesong, av enkeltproduksjonar og produksjonsmøte har vore med på å gi god informasjon og kommunikasjon rundt produksjonar og aktivitet.

Bedriftshelsetenesta har fungert tilfredsstillande.

«Carmen de la Nuez-reisestipend til ikkje kunstnarleg medarbeidar som har utvist spesiell innsats», vart delt mellom teknikarane Åshild Mjåseth og Gerd Austnes.

Skodespelarstipenda for 1997 gjekk til:

Ture Tarjem, Gøril Haukebø, Randolph Walderhaug og Henrik



ROSMERSHOLM.

Aril Martinsen og Randolph Walderhaug.

Mestad.

YTRE MILJØ

Selskapet forureinar ikkje det ytre miljø.

FRAMTID TIL SELSKAPET

ØKONOMI

Det offentlege tilskottet har vore 70% frå Det Kongelege Kulturdepartement, 15% frå Møre og Romsdal fylkeskommune og 15% frå Molde kommune.

Krav til eigne inntekter var kr. 1.556.000 og ved årsavslutninga viser rekneskapen at ein er komen opp i kr. 1.955.653 i eigne inntekter, kr. 399.653 meir enn budsjett.

Kostnadsramma for driftsutgifter vart sett kr. 335.000 lågare enn driftsinntektene, dette for å innarbeide underskottet frå 1995.

Det er vist særst streng budsjett disiplin dette året, men på grunn av ekstrakostnader, bl.a. rolleovertaking då

ein av skodespelarane vart skade, vart utgiftsramma overskride.

Vidare ga styret den påtroppande teatersjef godkjenning for å starte opp innøvingar og førebuingar på repertoaret for 1998. Desse kostnadene vart på kr. 260.000. Dette førte til at berre kr.27.000 vart å overføre til dekning av tidlegare underskott.

Aksjekapitalen er tapt og eigenkapitalen er negativ pr.31.12.97.

På grunn av at selskapet stadig tar mot tilskot til drift, vil ikkje den økonomiske stoda truge framtidig drift. Målet er likevel at selskapet skal ha ein positiv eigenkapital. Dette tenker ein å få til med streng budsjett disiplin.

Styret har gjort nytt vedtak om at underskottet og tapet av aksjekapitalen skal innarbeidast i budsjett for 1998 og 1999.

REPERTOAR



ROSMERSHOLM.
Gøril Haukebø og Marianne
Nielsen.

«LASSO RUNDT FRU LUNA»

Av: Agnar Mykle
 Dramatisering og regi: Morten Borgersen
 Musikk: Egil Monn Iversen
 Scenograf: Åse Hegrenes
 Masker: Line C.H. Grønli
 Koreografi: Sadona Mathiassen
 Lys: Finn Landsperg
 Med: Stein Grønli
 Turid Gunnes
 Gøril Haukebø
 Janne Kokkin
 Aril Martinsen
 Henrik Mestad
 Bjørnar Teigen
 Randolph Walderhaug

Framsyningar: 6
 Gjestespel: Nationatheatret i januar.

«KVINNEN OG DEN SVARTE FUGLEN»

omkring Nini Roll Ankers liv og diktning.
 Av: Vidar Sandem
 Regi: Vivi Sunde
 Scenografi og musikk: Arne Nøst
 Lys: Finn Landsperg
 Med: Turi Tarjem
 Urpremiere: 10. januar
 Framsyningar: 35
 Gjestespel: Halden Teater 16.mars

«ROSMERSHOLM-97»

Av: Henrik Ibsen
 Bearbeidelse: Ulla Backlund og Michel
 Kullmann
 Regi: Michel Kullmann
 Scenografi: Christian Rätz
 Med: Marianne Nielsen
 Gøril Haukebø
 Per Frisch
 Randolph Walderhaug
 Aril Martinsen
 Audun Meling

Premiere: 7.mars
 Framsyningar: 41
 Gjestespel: Skien, Ibsen
 Kulturfestival 9.-10.juni

«ROMEO OG JULIE»

Av: William Shakespeare
 Omsett til norsk av: Edvard Hoem
 Regi: Sergei Zjenovatsj
 Scenografi: Youri Galperin
 Tolke: Tatyana Oskolkova
 Masker: Malin Birch-Jensen
 Lys: Finn Landsperg
 Koreografi: Sadona Mathiassen
 Musikalsk konsulent: Asgeir Hoffart
 Fekteinstruktør: Mathias Eckhoff
 Med: Mathias Eckhoff
 Mads H. Jørgensen
 Hans Petter Meirik

Iain Tindall
Kaare Kroppan
Vivi Sunde
Leif Monsen
Jan Erik Madsen
Randolf Walderhaug
Audun Meling
Aril Martinsen
Turi Tarjem
Line Verndal
Gøril Haukebø
Tormod Lien

Premiere: 10.september i Molde
Framsyningar: 47

«INGEN VEI TILBAKE»

Av: Wallace Shawn
Oversettelse og medvirkning: Randolph Walderhaug
Framsyningar på prøvesalen og på turne: 5



MUMMITROLLET OG TROLLMANNENS HATT.
Aril Martinsen.

«SIGNE OG SILKEVEIEN»

Av og med: Turi Tarjem
Oppsøkende framsyning turne: 1

«BLÅ FUGL»

dikt og song om kjærleik av m.a. Halldis Moren Vesaas og Rolf Jacobsen.
Med: Gøril Haukebø
Urpremiere: 6.oktober
Framsyningar: 14

«MUMMITROLLET OG TROLLMANNENS HATT»

Av: Tove Jansson
Dramatisering, regi, scenografi og framf.: Aril Martinsen
Musikk: Guttorm Guttormsen
Musiker: Bjørn Kalvatsvik
Tekniker: Bergliot Rørvik
Premiere: 6.oktober
Framsyningar: 29

Kafeteater 19 framsyningar og 1 gjestespel
10.januar

«APROPOS KVINNEN OG DEN SVARTE FUGLEN»
Møte med dramatiker Vidar Sandem

25.januar
«PÅ SKROSS»
Foredrag og møte med Simon Flem Devold i samarbeid med Molde Kirkeakademi.

8.februar
«INGEN VEI TILBAKE»
Egen produksjon

22.februar
«APROPOS ROSMERSHOLM»
Åpen prøve og møte med instruktør

8.mars
«CRAZY»-
En cabaret ved Dukkespilleriet

12.april
«VI VELGER OSS APRIL»
Teatrets skuespillere med hver sin miniforestilling

26.april
«FILMusikk»
Klassisk musikk og fersk animasjon. Et samarbeid mellom Møremusikarane sin klavertrio og Animasjonslinja i Volda

23.august
«APROPOS ROMEO OG JULIE»
Åpen prøve og møte med instruktør



ROMEO OG JULIE.
Gøril Haukebø, Line Verndal og Turi Tarjem.

6.september

«OM WILLIAM SHAKESPEARE»

Foredrag ved professor Keith Brown

20.september

«SAGABLOTTERNE»

Fortellerteater for barn

27.september

«APROPOS ROMEO OG JULIE»

Kafeteater på Sunndalsøra

4.oktober

«DEN SOM ELSKER LYVER»

Egen produksjon

4.oktober

«APROPOS ROMEO OG JULIE»

Kafeteater i Kristiansund

8.oktober

«APROPOS ROMEO OG JULIE»

Kafeteater i Ålesund

18.oktober

«LØRDAGSKONSERT MED MØREMUSIKARANE»

Klavertrioen i Molde/Vestnes og Ålesund

Strykekvartett. I samarbeid med Molde Kirkeakademi.

18.oktober

«JAZZOPERA»

Gjestespel frå Operaen i Kristiansund

1.november

«AVSKJED MED EN TEATERSJEF»

Morten Borgersen i samtale med Tine Kjær

15.november

«MUMMITROLLET OG TROLLMANNENS HATT»

Egen produksjon

29.november

«HAR DU HØYRT»

Fortellermaraton av amatørteaterlag

13.desember

«BLÅ FUGL»

Egen produksjon

TEATERSTATISTIKKAR

FRAMSYNINGAR OG BILLETTINNTEKTER

Publikum	17.636
Framsyningar	212
Billettinntekter	1.358.642
Gj.snitt inntekt pr. bill.	77.04

SAL OG INFOKOSTNADER

Annonsar framsyningar	314
Annonsar andre	14
Reklame/plakatar/fotografering	130
Program	77
Anna	58
Totalt	593

PERSONALUTGIFTER INKL. SOS. UTG. I 1000 kr.

Teatersjef/administr.	1.338
Sal- og info-personale	565
Skodespelarar	3.307
Teknisk avdeling	1.805
Systove	348
Amatørteateravdeling	380
Sufflør	137
Dramaturg	29
Andre	1.491
Totalt faste og engasjerte	102

FAST TILSETT PERSONALE

Teatersjef/administr./info	6
Skodespelarar	5
Teknisk personale	5
Systove	2
Dramaturg	1
Amatørteateravdeling	1
Totalt fast tilsette	20
Utgjer 17 heile stillingar.	

DELTIDSTILSETTE

I tillegg til dei fast tilsette var det engasjert tilsaman 82 personar på deltid i løpet av året.

TOTALE DRIFTS-INNTEKTER OG DRIFTS-UTGIFTER

Eigne inntekter	1.955.653
= prosent av totale driftsutgifter	12.28

TILSKOTT

Staten	9.685.000
Fylkeskommunen	2.075.000
Molde kommune	2.075.000
Andre tilskott	199.620
Samla tilskott	14.035.120

TEATERDRIFTA I SAMF.ØK. SAMMENHENG

Totalt driftsutgifter	15.931.437
-----------------------	------------

Lønsutgifter inkl. opptj. ikkje utbet. feriepengar, samt arbeidsgjevaravgift, styrehonorar og stipend i prosent av totale driftsutgifter.

Skattetrekk tilsette	2.297.199
Arbeidsgjevaravgift	1.078.863




MUMMITROLLET OG TROLLMANNENS HATT.

Aril Martinsen.

FRAMSYNINGAR OG BILLETTSAL FOR BARN OG UNGDOM

Produksjon	Antall Framsyningar/ skuleframsyningar	Publikum
Rosmersholm	12	1058
Romeo og Julie	22	4105
Signe og Silkeveien	1	60
Den som elsker lyver	14	848
Mummitrollet og trollmannens hatt	29	2297
SUM	78	8378

Produksjon	År	Framsyningar	Publikum
1. Victoria	1993	56	13399
2. Brødrene Løvehjerte	1994/95	81	12963
3. No skin det sol	1995/96	74	9802
4. Romeo og Julie	1997	47	7559
5. Mirad...	1995/96	68	6688
6. Lasso rundt fru Luna	1996/97	57	6659
7. Peer Gynt	1993	54	6179
8. Fruen fra havet	1995	50	5127
9. A Clockwork Orange	1995	42	4925
10. Når hjertet er fullt...	1992	54	4407




SIGNE OG SILKEVEIEN.
Turi Tarjem.



MUMMITROLLET OG TROLL-
MANNENS HATT.
Aril Martinsen.



DEN SOM ELSKER LYVER.
Mads H. Jørgensen og Turi Tarjem.



ROMEO OG JULIE.
Mads H. Jørgensen, Jan Erik Madsen og Mathias Eckhoff.

RESULTATREKNESKAP

		1997 REKNESKAP	1997 BUDSJETT	1996 REKNESKAP
I	DRIFTS.INNT.			
	1. Bill- og programsal	Note 5 1.358.642	1.316.000	1.200.479
	2. Andre inntekter	597.011	240.000	404.070
	3. Driftstilskott	14.035.120	14.039.620	13.845.954
	Sum driftstilskott	15.990.773	15.595.620	15.450.503
II	DRIFTSKOSTN.			
	1. Arbeidskraft	10.248.175	9.766.981	9.710.776
	2. Materialkostn.	356.335	365.000	521.252
	3. Sal- og info.kostn.	578.368	405.000	453.105
	4. Andre driftskostn.	2.130.571	1.904.000	1.484.423
	5. Lokaler	1.507.392	1.560.250	1.377.800
	6. Kostn. vedr. turne	755.816	639.100	606.583
	7. Vedl.h./ombygg.kostn.	1.561	25.000	20.966
	8. Utstyrskostn.	67.319	75.000	58.303
	9. Avskrivningar	263.300	305.000	300.900
	Sum driftskostn.	15.908.837	15.045.331	14.534.108
III	Driftsresultat	81.936	550.289	916.395
IV	FINANSINNTEKTER OG KOSTNADER			
	1. Finansinntekter	56.266	0	60.573
	2. Finanskostnader	-111.075	-220.000	-213.960
V	Netto finansinnt./kostn.	-54.809	-220.000	-153.387
VI	Event.ekstraord.post.			
VII	Resultat	27.127	330.289	763.008
	Disponering av årets resultat:			
	Dekning av tidlegare årsunderskott	27.127		763.008

NOTAR

NOTE 1

Anskaffelseskost 1/1-97	2.856.442
+tilgang i året	182.610
Anskaffelseskost 31/12-97	3.039.052
Tidlegare avskrivningar	1.252.100
Årets avskrivning	263.300
Bokført verdi	1.523.654

NOTE 2: AKSJAR OG AKSJONÆRAR:

Selskapet sin aksjekapital er 50.000 kr. fordelt på 25 aksjar á 2.000 kr.
Aksjonærar er:
Møre og Romsdal Fylkeskommune med 12 aksjar
Molde kommune med 12 aksjar
Dei Frilynde ungdomslaga med 1 aksje.

NOTE 3: GODTGJERSLE:

For perioden 01.01.97 til 31.12.97 er det utbetalt: honorar til styret med kr. 31.848
Løn og honorar til teatersjef med kr. 329.469
Tantieme er ikkje utbetalt til styre og teatersjef.

Revisor har motteke fylgjande godtgjerdsle:

* for ordinær revisjon 25.000 kr.

NOTE 4: ANDRE TILSKOTT:

Refusjon av nyskriven norsk dramatik, kr. 90.000, OU-fondet kr. 6.810, Gjestespel Nationalteatret kr. 30.000 og gjestespel Ibsen Teaterfestival kr. 82.810.

NOTE 5: BILLETTINNTEKTER:

«ROSMERSHOLM» hadde ein budsjettsvikt i

høve til budsjett med kr. 240.000, «Kvinnen og den svarte fuglen» kr. 73.000. Jubileumsfram-syninga «Romeo og Julie» vart særst godt motte-ke og billettinntektene vart kr. 186.000 over bud-sjett. Det vart oppsett 3 mindre framsyningar som ikkje var med i budsjettet. Billettinntektene vart ca. kr. 42.000 over budsjett.

SAMARBEIDSPARTNARAR I 1997:

Braathen Safe, Hotell Alexandra,
Kontorvarehuset, Avantor ASA.

BALANSE pr. 31.12 97

Eignelutar	1997	1996
OMLAUPSMIDLAR		
Kasse, bank	227.889	583.983
Debitorar	60.396	413.044
Andre kortsiktige fordringar	81.941	156.215
Depositum, leigebuarinnskott,	23.250	23.250
SUM OMLAUPSMIDLAR	393.476	1.176.492
ANLEGGSMIDLAR		
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen	10.000	10.000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival	3.000	3.000
Leigebuarinnskott	65.400	65.400
Bygningsmessige innreiingar NOTE 1	1.523.654	1.604.342
SUM ANLEGGSMIDLAR	1.602.054	1.682.742
SUM OMLAUP OG ANLEGGSMIDLAR	1.995.530	2.859.234
KORTSIKTIG GJELD		
Skattetrekk, arb.gjev.avg. og andre trekk	586.652	525.268
Påløpne feriepengar og arb.gj.avg.	647.165	729.022
Diverse kreditorer	286.263	322.033
SUM KORTSIKTIG GJELD	1.520.080	1.576.323
LANGSIKTIG GJELD		
Lån Fokus Bank	1.115.435	1.950.023
EIGENKAPITAL		
Aksjekapital NOTE 2	50.000	50.000
Reservefond		0
Disposisjonsfond		0
Underskott	-689.985	-717.112
Overskott		
SUM EIGENKAPITAL	-639.985	-667.112
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	1.995.530	2.859.234

Molde, 31.01. 98

Helge Linge
styreleiar

Johan Bengtsson Bjørg Riksfjord Gunvor Krogsæter Jarle Sanden Cathrine Ingebrigtsen
Per Arne Skomsø Grete Eikebu Bjørn Ølander Gerd G. Austnes Randolph Walderhaug

Morten Borgersen
teatersjef

Borghild Rosvoll
administrasjonsjef



Møre og Romsdal fylkeskommune

FYLKESREVISJONEN

TIL GENERALFORSAMLINGA I A/S REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

REVISJONSMELDING 1997

Fylkesrevisjonen har revidert årsoppgjeret til A/S Regionteatret i Møre og Romsdal for 1997. Årsoppgjeret som er sammansett av styret si årsmelding, resultatrekneskap, balanse og notar, er avlagt av selskapet sitt styre og teatersjefen.

Vår oppgave er å granske selskapet sitt årsoppgjer, rekneskap og økonomistyring.

Vi har utført revisjonen i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og god revisjonsskikk. Vi har gjennomført dei revisjonshandlingar som vi har rekna som naudsynte, for å stadfeste at årsoppgjeret ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar. I samsvar med god revisjonsskikk, har vi kontrollert utvalde delar av grunnlagsmaterialet som underbyggjer rekneskapspostane. Vi har også vurdert dei rekneskapsprinsippa som er nytta, dei skjønnsmessige vurderingane som er gjorde av leiinga, samt innhald og presentasjon av årsoppgjeret. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, har vi gjennomgått selskapet sin styring av formuen og interne kontroll.

Årsresultatet er kr 27.127,-.

Offentlege tilskot er etter vår meining nytta i samsvar med Stortingets føresetnader.

Vi gjer merksam på at selskapet sin egenkapital er negativ, og at foreslåtte tiltak frå styret for rette opp den økonomiske situasjonen, vil krevje ei streng økonomistyring og løpande budsjettoppfølging det neste året.

Etter vår meining er årsoppgjeret gjort opp i samsvar med reglane i aksjelova, og gjev eit forsvarleg uttrykk for selskapet sin økonomiske stilling pr. 31.12.97, og for resultatet av verksemda i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk.

Fylkesrevisjonen rår til at rekneskapan for 1997 blir godkjent.

Molde, 22. april 1998


Ole Rødal


Hilde Myrvang

AMATØRTEATERDRIFTA

I 1997 vart det lagt vekt på å gi ulik profesjonell hjelp til amatørane i fylket, så som:

- Instruksjon
- Forteljarprosjekt -97
- Arrangere kurs lokalt i lag, kommunane
- Informasjon om tilbod frå teatret til lag, organisasjonar, skular, kommunar
- Utlån av utstyr som teatret disponerar
- Konsulenthjelp

LAG - ORGANISASJONAR - SKULAR - KOMMUNAR SOM FEKK INSTRUKSJON OG KURS FRÅ TEATRET VÅRT I 1997:

Cabaretgruppa «Havella», Smøla	Instruksjon	Forteljarprosjekt
DH-revyen Molde	Sminkekurs	
Eira UL, Eresfjord	Instruksjon	«Det ble en gutt»
Gossen fr. UL, Aukra	Instruksjon	«Tyven - Tyven»
Gossen fr. UL, Aukra	Instruksjon	Forteljarprosjekt
Hellesylt UL	Instruksjon	«Piken i bilen»
Hjørungavåg spelet	Instruktør	«Maktkamp ved Hjørungavåg»
Innsmøla UL	Instruksjon	
Lyngstad UL	Lys- og sminkekurs	
Molde Ungdomsteater	Skuespillerteknikk -kurs	
Molde Ungdomsteater	Lyssetting	
Nordmøre UL	Instruktørkurs	
Poppeloppeteatret	Sminkekurs	
Poppeloppeteatret	Lyssetting	
Sandøy kom.		
skolekontoret	Instruksjon	Forteljarprosjekt
Stranda kom.		
Ung.kulturmonstring Sula kom.	Dramakurs	
Ung.kulturmonstring Sykkylvsrevyen	Instruksjon	
Syvde UL	Instruksjon	«Skal det være et barn»
Tingvoll v.g.skole	Instruksjon	Revy
Tolvtetten, Fosnavåg	Instruksjon	Kabaret
Tresfjord UL	Instruksjon	Revy
Tresfjord UL	Instruksjon	Forteljarprosjekt
UL Fram, Rogne	Instruktør	Olausprosjektet
UL Fram, Rogne	Sminkekurs	
UL Fram, Rogne	Instruksjon	Ungdomsgruppa
UL Fram, Åheim	Instruksjon	Revy
UL Nordlys, Aure	Instruksjon	
UL Prøven, Nordheim	Instruksjon	
Vevang barneskole	Konsulent-/lyssetting	
Åndalsnes ung.skole	Instruksjon	Revy

FORTELJARPROSJEKT -97

Etter initiativ frå teatersjef Morten Borgersen vart det sendt ut invitasjon til amatørteaterlag og kulturkontora i fylket om å lage ei framsyning lokalt med gamle forteljingar,sagn o.a. Det vart arrangert ei framsyning i teatrets store sal i Forumbygget 29. november med forteljingar frå Romsdal.

Deltakarar på framsyninga var 17 aktørar frå Gossen fr. UL, Aukra og Tresfjord UL.

Musikarane Knut Ivar Bøe og Ingunn Linge Valdal var og med. Dei spela nye og gamle slåttar frå Sunnmøre.



FORTELLERPROSJEKT -97.
Knut Ivar Bøe og Ingunn Linge Valdal.

AMATØRTEATERDRIFTA

OLAUSPROSJEKTET «Frigjeraren»

I 1997 var det 150 år sidan målmannen, matematikaren og fritenkjaren Olaus Johan Fjørtoft vart fødd. UL Fram, Rogne markerte jubileet med eit sjølvskrive teaterstykkje om hans liv og virke, «Frigjeraren». Amatørteateravdelinga ga hjelp til manusarbeid, instruksjon og sminkekurs.

HJØRUNGAVÅGSPELET «MAKT-KAMP VED HJØRUNGAVÅG»

Amatørteaterleiar Eldrid Karin Larsen vart engasjert som instruktør for spelet som hadde framsyning 23. og 24. august. 2 profesjonelle skodespelarar og 100 amatørar deltok i framsyningane.

UTLÅN

Utlån	1993	1994	1995	1996	1997
Teknisk	30	35	40	30	30
Kostymer	63	50	65	40	50
Manus	97	98	95	110	125
Manus (tal)	245	250	255	250	240

FYLKESREGIONALE KURS DEI SISTE FEM ÅRA:

Kurs	1993	1994	1995	1996	1997
	4	2	3	8	0

Det vart ikkje arrangert fylkesregionale kurs i 1997, då teatret valde å gi tilbod i samanheng med Forteljarprosjektet.

TEATRET VÅRT OG HJELP TIL LAGA

Etterspurnaden om instruktørhjelp og kurs i laga er stigande. Vi merkar ei positiv haldning rundt om i fylket til det arbeidet vi utfører og den hjelp avdelinga gir til amatørteaterlaga, skolar, organisasjonar, kommunar og anna. Ein kan og sjå verknaden av fleire års arbeid ute i laga med hjelp til sjølvhjelp, då fleire har fått fram sine eigne instruktørar.

650 amatørskodespelarar fekk direkte hjelp frå avdelinga som instruksjon eller kurs.

I tillegg til amatørteaterleiar Eldrid Karin Larsen har desse hatt oppdrag frå avdelinga med instruksjon og kurs i laga: Turi Tarjem, Mads Jørgensen, Trude Sneve, Endre Skar og Finn Landsperg.

TEATRET VÅRT SITT PERSONALE

SKODESPELARAR:

Hans Petter Meirik	20.05 - 07.11.97
Kaare Kroppan	01.05. - 07.11.97
Jan Erik Madsen	20.05. - 07.11.97
Randolf Walderhaug	fast tilsett
Audun Meling	01.01. - 31.12.97
Turi Tarjem	fast tilsett
Vivi Sunde	fast tilsett
Marianne Nielsen	01.01. - 30.04.97
Per Frisch	01.01. - 30.04.97
Aril Martinsen	01.01. - 31.12.97
Hanne Lindbæk	fra 01.11.97 -
Mads H. Jørgensen	fra 20.05.97 -
Line Verndal	20.05. - 07.11.97
Gøril Haukebø	01.01. - 31.12.97
Ole Ludvig Vandbak	28.08. - 08.10.97

STATISTAR

Leif Erling Monsen	05.06. - 07.11.97
Tormod Lien	05.06. - 07.11.97
Iain Arne Tindall	05.06. - 07.11.97

TEKNISK PERSONALE

Bjørn Kalvatvik	inspisient
Mathias Hammerø	verkstad
Leif Rosvoll	verkstad
Bergliot Rørvik	rekvisitør
Åshild Mjåseth	leiar systue
Gerd G. Austnes	systue

ADMINISTRASJON

Morten Borgersen	teatersjef
Borghild Rosvoll	adm. sjef
Halvard Fiksdal	prosjeksjonsleiar
Eldrid Karin Larsen	amatørteaterleiar
Rolf Inge Pedersen	salsleiar
Bergliot Engeset	informasjonsleiar til 20.06.97
Mary Farstad	adm. konsulent
Evy Johannessen	adm. sekretær
Henny Hernes	bill. selger til 30.05.
Oddbjørg Heggdal	bill. selger fra 12.08.

Totalt fast/ deltidstilsette: 102

